




KVINNENES INTERNASJONALE BØNEDAG

**PROGRAMMET ER LAGA AV
DEN PALESTINSKE BØNEDAGSKOMITEEN**

1. MARS 2024



Så legg eg dykk på hjarta ... ber over med kvarandre i kjærleik Ef. 4, 1-7

VELKOMEN

L: Salaam. Fred vera med dykk.

Ei tverrkirkjeleg gruppe palestinske kvinner har i fire år bedt og reflektert over temaet «Så legg eg dykk på hjarta... ber over med kvarandre i kjærleik», inspirert av Efesarane 4, 1-7. Nå inviterer dei kvinner over heile verda til å stå saman med dei i bøn og handling.

HELSING

L: Me er samla i namnet å Den treeinige Gud: Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

A: Amen.

L: Herren vera med dykk.

A: Og Herren vera med deg.

SALME

OPNINGSBØN

L: Lat oss be:

Treeinige Gud, gå saman med oss når me lever i det landet der du levde og lærde. Opna auga våre så me ser lidingane som skjer i dag. Gje oss styrke og mot til å handla og be saman med alle som lid i verda.

BØN FOR FRED

L: Lat oss be med orda i Salme 85:

Herre, du har vist godvilje mot landet ditt,
du vende lagnaden for Jakob.

A: Du tok bort skulda til folket ditt,
dekte over all deira synd.

L: All din harme tok du tilbake,
du vende deg om frå din brennande vreide.

A: Før oss tilbake, Gud, vår frelsar,

- lat din uvilje mot oss ta slutt!
- L: Vil du vera harm på oss for alltid
og la vreiden vara frå slekt til slekt?
- A: Er det ikkje du som vekkjer oss til liv på nytt
så folket ditt kan glede seg i deg?
- L: Lat oss få sjå di miskunn, Herre,
gjev oss di frelse!
- A: Eg vil høyra kva Gud Herren seier.
For han talar fred til sitt folk, til sine trugne,
– berre dei ikkje vender attende til därskap!
- L: Ja, hans frelse er nær
for dei som fryktar han,
så herlegdomen skal bu i landet vårt.
- A: Miskunn og sanning skal møta kvarandre,
rettferd og fred skal kyssa kvarandre.
- L: Sanning skal spira opp av jorda
og rettferd sjå ned frå himmelen.
- A: Herren skal gje det som godt er,
og landet vårt skal bera si grøde.
- L: Rettferd går framføre
- A: når han dreg fram.

KALL TIL LOVPRISING

- L: Lat oss prisa Gud som fører oss saman for å tilbe i kjærleik og eining.
- A: Einskap i Den treeinige Gud overvinn teologiske skilnadar.
- L: Lat oss minna kvarandre om eigenskapane til dei truande: audmjukskap, mildskap, tolmod og kjærleik.
- A: Me vedkjenner at me er svake og har vanskar med å godta andre utan å døma dei.
- L: Audmjuke og med tolmod lyfter me utfordringar i våre familiarar, samfunn, fellesskap og kyrkjelydar opp til Gud.
- A: Med mildskap og kjærleik overvinn me alt. Me blir verande sterke i vår tru fordi me veit at me tilhører Gud. Amen.

EVANGELIELESING

- L: I det 15. kapittelet i Johannesevangeliet talar Jesus til sine høgt elsa disiplar berre timar før han blir krossfest:
Og dette er bodet mitt: De skal elsa kvarandre som eg har elsa dykk. Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for vene ne sine. Dette er det eg byd dykk: Elsk kvarandre!

EPISTELLESING

- L: Hovudtema i år er frå Paulus' brev til Efesarane 4, 1-7:
Så legg eg dykk på hjartet, eg som er fange for Herrens skuld, at de må leva eit liv som er verdig det kallet de har fått: mildt, audmjukt og tolmodig, så de ber over med kvarandre i kjærleik. Gjer alt de kan for å ta vare på einskapen i Anden, i den fred som bind saman: éin kropp og éin Ande, liksom de fekk éi von då de vart kalla, éin Herre, éi tru, éin dåp, éin Gud og Far for alle, han som er over alle og gjennom alle og i alle. Til kvar einskild av oss er nåden gjeven, alt etter som Kristi gåve blir tilmålt.

ANDAKT

TID TIL Å VERA STILLE

TID TIL Å DELA

KOLLEKT/INFORMASJON/MUSIKK – VIPPS NR.: 796645

FORBØN

- L: Den Heilage Ande bind oss saman, og me ber no for alle kvinner, for heile verda og spesielt for dei som slit.
- L: Rettferdige Gud, velsign oss og gjer oss til vitne for fred og rettferd. Opna auga våre så me kan sjå slik som du gjer. Vern oss frå all vald, skade og hemn. Me ber spesielt for kvinner som blir nekta utdanning og andre grunnleggande rettar. Me ber for kvinner som er misbrukt og opplever vald. Me ber om at kyrkjene våre, og også regjeringa vår, må skapa sikre område for kvinner. Hjelp oss å bruka vår røyst, våre gåver og talent for å hjelpe andre. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.
- A: Høyr vår bøn.
- L: Du, Gud, du er Gud for flyktningane og veit kva det vil seia å vera flyktning og bortdreven ved at din Son måtte flykte frå Betlehem. Ver hos oss og hjelp oss i denne mørke og vanskelege tida. Lei og vern flyktningane og dei bortdrevne. Hjelp dei til å finna ein sikker stad. Opna hjarta til dei som tar imot flyktningar og hjelp lokale politikarar til å handla slik at flyktningane får hjelp. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.
- A: Høyr vår bøn.
- L: Gud, vår klippe, du har lært oss å bygga våre liv på deg. Me ber for dei heimlause. Me ber spesielt for palestinske familiar som har fått heimane sine øydelagde eller har blitt truga med det. Lat desse familiane få leve i fred. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.
- A: Høyr vår bøn.
- L: Du Gud som gir fred, me ber for ei rettferdig løysing i denne konflikten. Me ber for Jerusalem, at folket der må få ha like rettar, ha fridom til å tru, ha fridom til å ytra seg og bevega seg. Lær oss kristne å følga Jesus og elska innbyggjarane i landet. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.
- A: Høyr vår bøn.
- L: Du Heilage Ande som held oss oppe og lækjer, me ber for alle som er sjuke, som er døyande og som sørger. Me ber for vitskapsmenn og legar som forskar på vaksinar, på virus og andre sjukdommar. Når me er svake og trøytte, styrk oss. Gje nytt liv til våre tørre greiner, så dei igjen ber gode frukter. Gje oss nytt liv og håp om

oppstoda. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.

A: Høyr vår bøn.

L: Miskunnsame Gud, me har i tankeløyse øydelagt det vakre du har skapt. Me har skada miljøet, floraen og faunaen i lufta, på land og i vatnet og er årsak til ei klimakrise ved å øydelegga balansen på jorda. Hjelp oss til å setja pris på og elska det som du har skapt, og hjelp oss til å reparera det vi har øydelagt. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.

A: Høyr vår bøn.

L: Du Gud som sameiner, din son Jesus bad at dine lærersveinar og etterfølgarar skulle vere eitt, liksom du Gud er eitt med din Son. Lær oss som dine tenarar å møta andre på ein rett måte, med rettferd og kjærleik, sjølv om me snakkar, lever og ber forskjellig. Velsign di kyrkje over heile verda og velsign dei trufaste kvinnene som overalt deler evangeliet med andre. Lei oss til eit liv verdig ditt kall.

A: Høyr vår bøn.

L: Korleis kan me takka deg, du Gud som elskar oss? Me veit at alle våre velsigningar kjem frå deg. Hald oss nær til deg, gje oss nåde og fyll våre hjarte med glede.

Me ber alle våre bøner i tillit til at du høyrer og svarar.

I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.

A: Amen.

VÅR FAR

A: Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freistung, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i æve. Amen.

VELSIGNINGA

SALME - Den dag du gav oss
Den dag du gav oss er til ende,og mørket faller på ditt bud,
du lot oss dagens krefter kjenne,gi nå oss nattens fred o Gud.

Takk at din kirke aldri sover! Mens jorden ruller uten stans,
ditt folk i vekselsang deg lover, for nattens ro og dagens glans.

Se, over land og hav og øyer, en dag går fram i ubrutt ring,
og folkene på rad seg bøyer i takk for alltid nye ting.

Den sol som vinker oss til hvile,nå viksler andres arbeidsdag,
og slik den stund for stund skal smile,til nye land og folkeslag.

Vær lovet, Gud! Ditt herreveldeskal dekke hver en platt på jord,
og vidt og fritt det skal få gjelde,at du, og bare du er stor!
John Ellerton (Til norsk ved Johannes Smemo)

POSTLUDIUM

Informasjon fra komiteen:

Kvinnenes Internasjonale Bønnedag ble startet i 1887 og ble et verdensomspenende fellesskap fra 1928. I Norge har man hatt slike samlinger fra på slutten av 1920 tallet.

Årets innsamlingsprosjekt i samarbeid med Frikirken i Norge:

1.Arbeid blant troende med muslimsk bakgrunn i Palestina. Frikirken støtter to kvinner ('Amey' og 'Hanan') som jobber med kvinner ift. relasjonsbygging og disippelgjøring. Muslimske kvinner som tar imot Jesus, risikerer å bli ekskludert fra familien . 'Amey' og 'Hanan' omtales offentlig med fiktive navn av hensyn til deres sikkerhet (de er selv troende med muslimsk bakgrunn). De sender regelmessige bønnebrev om arbeidet de gjør.

2.Musalaha, en organisasjon med base i Jerusalem (har nylig også opprettet kontor i Beit Sahour utenfor Betlehem), setter søkelys på dialog og forsoningsarbeid. De har to ulike prosjekter blant kvinner: Et for Israelske/Palestinske kvinner og et for muslimske/kristne palestinere.

Hjertelig takk for gaven til prosjekter på Taiwan og prosjekt Esther i Kamerun på kr 360.000.

Mer informasjon Les mer om World day of Prayer: www.worlddayofprayer.net

Informasjon om vår nettside:

<https://norgeschristnerad.no/kvinnenes-internasjonale-bonnedag/materiell-2024>

Denne utgave er oversatt av Solveig Skara og Tone Moseid og bearbeidet av den nasjonale komiteen. Komiteen: Ruth Bente Paulsen, Elisabet Stray, Solveig Skaara, Anne Lill Lia, Tone Moseid, Anne Rigmor Stock Evje, Ingrid Erlandsen og Inger Marie A. Oppegård(leder)

Vipps: 796645 eller 3000.15.27955. (Norges Kristne Råd).



Norges Kristne Råd